



Fræna kommune
Samfunn og utvikling

Kunnskapsdepartementet

Melding om vedtak

Dykkar ref:

Vår ref
2008/126-9

Saksbehandlar
Solgunn O. Hoem

Dato
05.02.2008

Høyring - forslag til endringar i Opplæringslova - vedtak Fræna kommune

Vedlagt følgjer sakspapira med vedtak i saken.

Vedtak vart fatta i Fræna kommunestyre 28.01.08, sak 11/2008.

Med helsing

Solgunn O. Hoem

Postadresse
Fræna kommune, 6440 Elnesvågen
E-post:
postmottak@xxx.kommune.no

Besøksadresse
kommunehuset

www.xxx.kommune.no

Telefon
71 26 81 00
Telefaks
71 26 81 99

Bank

Org.nr



Fræna kommune

Arkiv: A10
Arkivsaksnr: 2008/126-5
Sakshandsamar: Solgunn O. Hoem

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Driftsutvalet i Fræna kommune	9/2008	17.01.2008
Kommunestyret i Fræna	11/2008	28.01.2008

Høyring - forslag til endringar i Opplæringslova

Saksdokument

Kunnskapsdepartementet dat. 05.12.07: Høring – forslag til endringar i opplæringsloven m. vedlagt ”Høringsnotat om forslag til endringar i opplæringslova”

Saksopplysningar

Kristendoms-, religions- og livssynsfaget (KRL) vart innført som fag i grunnskulen frå 1997. Læreplanen i KRL-faget vart endra i 2005 på bakgrunn av kritikk og rettsaker om faget og fritaksordninga i faget, m.a. Menneskerettskomiteen i FN. På dette grunnlaget vart reglane om fritak frå KRL i 2005 gjort om til ein generell regel om fritak frå deler av undervisninga i alle fag.

Den europeiske menneskerettsdomstolen(EMD) har seinare i dom av 29. juni 2007 funne at KRL-faget, slik det var etter ordninga 1997, ikkje i tilstrekkeleg grad tar omsyn til foreldra si religiøse og filosofiske overtyding og krenkar dermed menneskerettane slik dei er fastsette i EMK (den Europeiske Menneskerettskommisjonen).

EMD finn at dei overordna måla i faget er i samsvar med prinsippa i EMK om pluralisme og objektivitet. Det er heller ikkje i strid med prinsippa at kristendom utgjør ein kvantitativ større del av innhaldet i faget enn andre delar. EMD finn at det er kvalitative forskjellar i undervisninga i kristendom i forhold til andre deler av faget som gjer at kristendomselementa i faget er i strid med EMK. I tillegg til kvalitative forskjellar, peikar dommen på at reglane om fritak ikkje er i tråd med som EMK.

På bakgrunn av dommen, foreslår Kunnskapsdepartementet å endre/justere lovgrunnlaget om fritak og innhaldet i KRL. Departementet foreslår og å endre namnet på faget.

Kunnskapsdepartementets vurdering:

Aktuelle lovbestemmelsar - gjeldande bestemmelsar/endringsforslag

Oppl.l. § 2-3a: Fritak frå aktivitetar m.m. i opplæringa
(forslag til tillegg, fjerde ledd – feitt skrift).

”Elevar skal etter skriftleg melding frå foreldra få fritak frå dei delar av undervisninga ved den enkelte skolen som dei ut frå eigen religion eller eige livssyn opplever som utøving av ein annan religion eller tilslutning til eit anna livssyn, eller som dei på same grunnlag opplever som støytande eller krenkjande. Det er ikkje nødvendig å grunngi melding om fritak etter første punktum.

Det kan ikkje krevjast fritak frå opplæring om kunnskapsinnhaldet i dei ulike emna i læreplanen. Dersom skolen på eit slikt grunnlag ikkje godtek ei melding om fritak, må skolen behandle sak etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova.

Skolen skal ved melding om fritak sjå til at fritaket blir gjennomført, og leggje til rette for tilpassa opplæring innanfor læreplanen.

Skoleeigaren skal årleg informere elevane og foreldra til elevar under 15 år om reglane for fritak og om innhaldet i opplæringa.

Elevar som har fylt 15 år, gir sjølv skriftleg melding som nemnt i første ledd.”

Departementet si grunngiving for tillegget i fjerde ledd er dommen si understreking av at informasjon om innhaldet i opplæringa er ein føresetnad for at foreldre kan gi melding om fritak.

Opplæringslova § 2.4: Undervisninga i faget kristendoms- religions- og livssynskunnskap

Undervisninga i kristendoms-, religions- og livssynskunnskap skal

- gi grundig kjennskap til Bibelen og kristendommen som kulturarv*
- gi grundig kjennskap til evangelisk-luthersk kristendomsforståing og ulike kyrkjesamfunn*
- gi kjennskap til andre verdsreligionar og livssyn*
- gi kjennskap til etiske og filosofiske emne*
- fremje forståing og respekt for kristne og humanistiske verdier*
- fremje forståing, respekt og evne til dialog mellom menneske med ulik oppfatning av trudoms- og livssynsspørsmål*

Kristendoms-, religions- og livssynskunnskap er eit ordinært skolefag som normalt skal samle alle elevar. Undervisninga i faget skal ikkje vere forkynnande.

Den som skal undervise i kristendoms-, religions- og livssynskunnskap, skal presentere kristendommen, dei ulike verdsreligionane og livssyn ut frå deira eigenart. Dei same pedagogiske prinsippa skal leggjast til grunn for undervisninga i dei ulike emna.”

KRL-faget er det einaste skulefaget som har eigen lovbestemmelse om opplæringa. Departementet meiner at det i seg sjølv gir faget preg av ikkje å vere eit ordinært skulefag. Formålet for alle fag, også for KRL, er regulert i læreplanen, som er ei bindande forskrift. For å sikre at undervisninga i faget er objektiv, kritisk og pluralistisk slik dommen i EMD føreset, foreslår departementet likevel at KRL-faget framleis skal ha eigen lovregel med utgangspunkt i formuleringane i 2. og 3. leddet i gjeldande lovparagraf.

Departementet foreslår å endre namnet på faget frå KRL til "Religion, livssyn og etikk", og grunngir endringa med at dette vil vere eit viktig signal om kvalitativ likeverdig behandling av alle religionar og livssyn. Etikk er ein viktig del av læreplanen, og namnet vil vise til heile innhaldet i faget og gi lik vekt til dei ulike delane. Forslaget til nytt fagnamn har stor likskap med faget "Religion og etikk" i vidaregåande opplæring, og ei harmonisering av namna vil vere i tråd med Kunnskapsløftet og gjennomgåande læreplanar i heile grunnopplæringa. Forslag til nytt namn krev endring i forskrifta til Opplæringslova § 2.3 (endring i oversikten over faga) i tillegg til endringar i § 2.4.

Forslag til ny lovtekst:

Opplæringslova § 2.4: Undervisninga i faget **religion, livssyn og etikk** (endringar- *feit skrift*)

Religion, livssyn og etikk er eit ordinært skolefag som normalt skal samle alle elevar. Undervisninga i faget skal ikkje vere forkynnande.

Undervisninga i **religion, livssyn og etikk** skal bidra til forståing, respekt og evne til dialog mellom menneske med ulik trudoms- og livssynsspørsmål.

Den som skal undervise i **religion, livssyn og etikk**, skal presentere **ulike verdsreligionar og livssyn på ein objektiv, kritisk og pluralistisk måte** ut frå deira eigenart. Dei same pedagogiske prinsippa skal leggjast til grunn for undervisninga i dei ulike emna."

Læreplanen i faget.

I høyringsnotatet signaliserer departementet at det er behov for endringar i læreplanen for faget, slik at den er i samsvar med menneskerettane og at opplæringa er objektiv, kritisk og pluralistisk. Departementet peikar på at læreplanen vil ha meir stoff om kristendommen enn om andre religionar og livssyn, grunngitt med det kristendommen har hatt å seie historisk og som kulturarv. Om stofftilfanget i kristendom er større enn i andre religionar og livssyn, skal ikkje dette føre til kvalitative skilnader i opplæringa.

Rådmannens tilråding:

Driftsutvalet tar forslaget til endringar i Opplæringslova til orientering.

Behandling i Driftsutvalet i Fræna kommune - 17.01.2008

Representanten Knut Sæbø sette fram følgjande forslag til vedtak

- I norsk historie, kultur og tradisjon spelar kristendomen ei særskild rolle. Sjølv om den Europeiske menneskerettsdomstolen (EMD) krev at det skal vera likeverd i undervisninga omkring dei ulike religionane og livssyne, er det ikkje noko i vegen for at kristendomen får ei kvantitativ særstilling av omsyn til vår historie, kultur og tradisjon. Det er særskild § 2-4 i opplæringslova som departementet ønskjer å gjere endringar i. Med vising til endringsforslaget skal vi ikkje vere i mot ei kvar endring, men kristendomen si særstilling bør ikkje endrast. Namnet på faget bør ikkje endrast. Ved å nemne kristendomen særskild, slik noverande lovtekst gjer, peikar ein nettopp på at den særlege stillinga

religionen har hatt for kulturutviklinga i landet. Deretter bør lovparagrafen sikre at kristendomen får ei kvantitativ særstilling. Eit nytt 2. ledd kunne lyde: "Kristendomen skal ha ein særskild plass i faget for å kunne gi kunnskap og forståing om nasjonen si historie, kultur og tradisjon." Elles er formuleringa i endringsframlegget sitt 4. ledd: " .., skal presentere ulike verdsreligionar og livssyn på ein objektiv, kritisk og pluralistisk måte ut frå deira eigenart." ikkje anna enn ei presisering av formuleringa i framlegget sitt 1. ledd (den same som gjeldande lov): "undervisninga i faget skal ikkje vere forkynnande."

Framlegg til vedtak:

1. det er viktig at alle norske skulefag er i samsvar med Menneskerettserklæringa.
2. Det kan synast som departementet i sitt endringsframlegg går for langt i høve til domen i EMD med omsyn til å redusere kristendomen sin plass i faget.
3. Fræna kommune meiner lov og forskrifter om faget bør innehalde tydelege formuleringar som gir grunnlag for at kristendommen, som har prega utviklinga og kulturgrunnlaget i landet vårt gjennom dei siste tuen åra, framleis kan ha ei særstilling i skulen si undervisning.
4. Det er ingen grunn til, i høve til domen (EMD), å problematisere at skulen i eit land gir ein kvantitativ grundigare innføring i den religionen som historisk og kulturelt har preget landet mest.
5. Fræna kommune kan støtte ei endring av opplæringslova § 2-4, men meiner det ikkje er grunnlag for ei namneendring av faget.
6. For å sikre kristendomen si særstilling som kulturberar i landet ber Fræna kommune om at ein tek inn eit nytt ledd i § 2-4 som kan lyde: "Kristendomen skal ha ein særskild plass i faget for å kunne gi kunnskap og forståing om nasjonen si historie, kultur og tradisjon.!" Dei andre ledda i framlegget frå departementet står uendra.
7. Fræna kommune har ingen merknad til lovendringsforslaget i § 2-3a.

Forslaget vart ikkje realitetsbehandla, men vert å legge ved saka når ho kjem opp til handsaming i kommunestyret.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Driftsutvalet tar forslaget til endringar i Opplæringslova til orientering.

Behandling i Kommunestyret i Fræna - 28.01.2008

Ordførar Kjell Lode sette fram slikt forslag til vedtak:

1. Det er viktig at alle norske skulefag er i samsvar med Menneskerettserklæringa.
2. Fræna kommune meiner lov og forskrifter om faget må innehalde tydelege formuleringar som gir grunnlag for at kristendommen, som har prega utviklinga og kulturgrunnlaget i

landet vårt gjennom dei siste tusen åra, framleis kan ha ei særstilling i skulen si undervisning.

3. Det er ingen grunn til, i høve til domen (EMD), å problematisere at skulen i eit land gir ein kvantitativ grundigare innføring i den religionen som historisk og kulturelt har preget landet mest.
4. Fræna kommune kan støtte ei endring av opplæringslova § 2-4, men meiner det ikkje er grunnlag for ei namneendring av faget.
5. For å sikre kristendomen si særstilling som kulturberar i landet ber Fræna kommune om at ein tek inn eit nytt ledd i § 2-4 som kan lyde: "Kristendomen skal ha ein særskild plass i faget for å kunne gi kunnskap og forståing om nasjonen si historie, kultur og tradisjon.!" Dei andre ledda i framlegget frå departementet står uendra.
6. Fræna kommune har ingen merknad til lovendringsforslaget i § 2-3a.

Representanten Ragnar Valle sette fram forslag vedtak likelydande med Driftsutvalet si tilråding, likevel med slik endring:

- Punkt 2 går ut
- Nytt punkt 4:
Fræna kommune er tilfreds med at domen i den Europeiske menneskerettsdomstolen gir anledning til at skulen i eit land gir ein kvantitativ grundigare innføring i den religionen som historisk og kulturelt har prega landet.

Det vart halde eit kort gruppemøte.

Ordførar Kjell Lode trekte sitt forslag sett fram i møtet og sette fram slikt fellesforslag på vegne av Fremskrittspartiet, Høyre, Senterpartiet og Kristeleg folkeparti:

1. Det er viktig at alle norske skulefag er i samsvar med Menneskerettserklæringa.
2. Fræna kommune meiner lov og forskrifter om faget må innehalde tydelege formuleringar som gir grunnlag for at kristendommen, som har prega utviklinga og kulturgrunnlaget i landet vårt gjennom dei siste tusen åra, framleis kan ha ei særstilling i skulen si undervisning.
3. Fræna kommune er tilfreds med at domen i den Europeiske menneskerettsdomstolen gir anledning til at skulen i eit land gir ein kvantitativ grundigare innføring i den religionen som historisk og kulturelt har prega landet.
4. Fræna kommune kan støtte ei endring av opplæringslova § 2-4, men meiner det ikkje er grunnlag for ei namneendring av faget.
5. For å sikre kristendomen si særstilling som kulturberar i landet ber Fræna kommune om at ein tek inn eit nytt ledd i § 2-4 som kan lyde: "Kristendomen skal ha ein særskild plass i faget for å kunne gi kunnskap og forståing om nasjonen si historie, kultur og tradisjon.!" Dei andre ledda i framlegget frå departementet står uendra.
6. Fræna kommune har ingen merknad til lovendringsforslaget i § 2-3a.

Ved voteringa røysta 18 representantar for fellesforslaget sett fram av ordførar Kjell Lode på vegne av Fremskrittspartiet, Høyre, Senterpartiet og Kristeleg folkeparti, medan 10 representantar røysta for Driftsutvalet si tilråding.

Vedtak:

1. Det er viktig at alle norske skulefag er i samsvar med Menneskerettserklæringa.
2. Fræna kommune meiner lov og forskrifter om faget må innehalde tydelege formuleringar som gir grunnlag for at kristendommen, som har prega utviklinga og kulturgrunnlaget i landet vårt gjennom dei siste tusen åra, framleis kan ha ei særstilling i skulen si undervisning.
3. Fræna kommune er tilfreds med at domen i den Europeiske menneskerettsdomstolen gir anledning til at skulen i eit land gir ein kvantitativ grundigare innføring i den religionen som historisk og kulturelt har prega landet.
4. Fræna kommune kan støtte ei endring av opplæringslova § 2-4, men meiner det ikkje er grunnlag for ei namneendring av faget.
5. For å sikre kristendomen si særstilling som kulturberar i landet ber Fræna kommune om at ein tek inn eit nytt ledd i § 2-4 som kan lyde: "Kristendomen skal ha ein særskild plass i faget for å kunne gi kunnskap og forståing om nasjonen si historie, kultur og tradisjon.!" Dei andre ledda i framlegget frå departementet står uendra.
6. Fræna kommune har ingen merknad til lovendringsforslaget i § 2-3a.